


BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik

Nr. 4 2020



Desember 2020

Årgang 62



Det lyser i stille grender

Julekveld

Det lyser i stille grender
av tindrande ljøs ikveld,
og tusunde barnehender
mot himmelen ljøsi held.

Op glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens frelsar
som barn i ein vesal stall.

Han låg der med høyt til pute,
og gret på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.

Der song dei for fyrste gongen
ved natt over Davids by,
den evige himmelsongen
som alltid er ung og ny.

Den songen som atter tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds Son, vår sonar,
som døden for evig batt.

Jakob Sande skreiv diktet sommaren 1931

God jul og godt nytt år!

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

ULVIK KYRKJEKONTOR:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjevevje:

Willemina van Manen

Tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917

kyrkjevevje@ulvik.kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk ebryk@interia.pl

Tlf.: 967 42 927

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Berge Aarvik

Tlf. 452 28 287 / tiljorunn@gmail.com

Kyrkjetenar: Jan Arvid Gjørn, tlf. 954 69 903

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

EIDFJORD KYRKJEKONTOR:

Postboks 23, 5786 Eidfjord.

Telefon: 53 66 52 51

Kyrkjevevje:

Irene Vivel, irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, rufsenis@gmail.com

Kyrkjetenar:

Christian Bouvain, christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjtveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Sekretær:

Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Kari Tveit Hovland, Tlf. 913 86 874

SOKNEPRESTAR:

Eidfjord:

Johannes Pettersen, 53 66 52 51 / 913 40 828

Ulvik:

Magnar Haaland, mobil: 415 46 366

Bengt Staffan Andersson

Eller kontakt:

Voss kyrkjekontor – prosten

Telefon: 56 52 38 80

REDAKSJON FOR KYRKJEBLADET:

Kyrkjevevje Irene Vivel, Wilma Bergman og Kjersti Næsheim. Kyrkjevevje Willemina van Manen, soknerådsleiar Knut Nes og soknerådsmedlem Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør:

Steinar I. Berge, tlf. 908 41 077

steinar.berge@ulvik.org

KONTONUMMER: 3530 31 60378

VIPPS: 593359

Bladpengar kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gåver til Kyrkjebladet.

Takk til alle gode støttespelarar i Eidfjord og Ulvik!

JULETANKAR

Ja, no er det straks jul igjen. Tenk at vi endå ein gong får lov til å feira denne kristne høgtida. Det er berre fantastisk å tenkja på at Jesus kom ned til vår jord som eit litet barn. Jomfru Maria fikk denne æra og føda Messias, Guds son! Maria var ei gudfryktig ung kvinne som fekk englebesøk. Det var engelen Gabriel som fortalde henne om barnet ho skulle føda. Det var nokre hyrdar ute på marka i nærleiken av Betlehem som også fekk englebesøk. Dei fekk beskjed om kvar Jesus var fødd og om stjerna som skulle visa seg som teikn.

I Jesaja 9. vers 6. og 7. står det «For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven. Herredømet er på hans skulder. Hans namn skal kallast Under, Rådgevar, Mektig Gud, Evig Far og Fredsfyrste. Herredømet skal breia seg vidt, og freden skal vera utan ende over Davids trone og over Hans kongerike, for å grunnfesta det og halda det oppe ved rett og rettfærd, frå no av og til evig tid. Hærskarens Herres nidkjærheit skal gjera dette».

Vi skal få feira jul i glede og med den tryggleiken om at Gud verkeleg har sendt sin eigen son til jorda. Gud lar ikke oss menneske vera utan han. Han vil vera ein del av våre liv i vår kvardag også i gode og mindre gode dagar! Han utfodrar oss til å leva liva våre etter hans gode vilje. Så lenge det finnest menneske som er fattige, menneske som er på flukt, menneske som har det vondt på den eine eller andre måten, så vert vi kalla til å gjera godt og hjelpa dei som treng oss. Og samstundes og heile tida lager han ein boge over liva våre som strekkjer seg heilt inn i den store og uendelige æva!

Med eit ynskje om ei velsigna julehøgtid til dykk alle!

Bengt Arvidsson



Takk!

Takk for at du har støtta opp om Brubbyggjaren! Det er kjekt at folket i Eidfjord og Ulvik er med og held bladet i live. Me ser fram til vidare godt samarbeid mellom bygdene og mellom menneske. Ta gjerne kontakt med redaksjonen dersom du har tankar om livet og kyrkja di. Godt nyttår til dykk alle!

Helsing frå redaksjonen

EIT HAUSTMINNE

Frå Bjørg Ella Hide har me fått ei hausthelsing. Ho synest det er fint at me har fått ei barneside, og kjem med ideen om at me kanskje burde ha ei eldreside i tillegg. Konkret føreslår ho at elevar frå skulen kunne besøkje eldre personar. Mange eldre har mykje å fortelja, og slike møte mellom generasjonar er verfulle! Ho legg ved eit dikt som er skrivi på hennar eigen dialekt:

September

Je sitt på verandatrappa og kjinner draget ta høst. Snuser inn den litt stramme eimen ta gammalt gras og visne blommer. Den digre hengepilen som i hele sommår har vøri leke- og gjømmeplass for smågugla ser trist ut. Fuglekassa på lysstolpen nedi hågån heng litt skakt. Grå ta vær og vind, men ei trygg og lun fødestugu for mange gjennom åra. Nå er det itno liv dær. Siste flokken ta trost flyg att og fram. Vil ha mæ seg de siste bæra. Kvæfsen surrer rundt de få plommene som heng att. Vatnet ligg stille og blinker. Ingen glade rop ifrå badeengler. Fjellsida hat fått eit gråaktig skjær. Så stille æillt vart!

Men sjå! Oppi grusvægen tripper en liten fugleskrott. Tripper og vipper med stjerten. Kiker rundt seg. Må finne noe å putte i magan før den lange reisa sørover. Vesle gofuggern min. Erla!



Måtte du finne vægen hit att neste vår og!

**Hugs på alle stamfuglane i bygdene,
både dei som fyk og dei som «går på labb»!**

Red.

GLADE JUL

Denne julesongen, som er kjend over heile verda, vart skriven ved juletider av Joseph Mohr (1792-1848), prest i kyrkja i Oberndorf i Østerrike, og sungen julenatt same år.

– Orgelet i kyrkja var då ubrukeleg, fordi musa hadde gnage hol på belgen. Så måtte dei finna på noko anna. Presten skreiv teksten «Stille Nacht, heilige Nacht». Og organisten, Franz Xavier Gruber, (1787-1863) komponerte den verdskjende melodien. Så song presten melodi-stemma og spela gitar til, medan organisten song bass. Slik kan me seia at det kom noko godt ut av musegnaget. Songen vart omsett til norsk i 1964.



Stille natt, heilage natt («Stille Nacht, heilige Nacht»)

Stille natt, heilage natt -
himlen gav sin beste skatt.
Stjerna stor skein i stallen ned.
Barnet sov i den djupe fred.
No er ein frelsar oss fødd.

Store stund, heilage stund,
himmelord frå englars munn.
Høyr det herlege jubelkvad,
song som gjer oss i hjarta glad.
No er ein frelsar oss fødd.

Stille natt, heilage natt.
Himlen gav oss voni att.
Vi med hyrdingar glade går.
Stjerna enn over stallen står.
No er ein frelsar oss fødd.

Sæle von, heilage von!
Æve-livet vann Guds Son.
Fødd han vart av ei fattig møy.
Me skal leva og aldri døy.
No er ein frelsar oss fødd.

Red.

Å SNU DET ANDRE KINNET TIL

Dette er eit kjent ord frå Bibelen (Matteus 5:39) «Set dykk ikkje til motverje mot den som gjer vondt mot dykk. Om nokon slår deg på høgreflora kinnet, så vend og det andre til».

Vidar Kolås som har lese dikt i Ulvikkyrkja, Litteratur-huset i Bergen (byen han vaks opp i) og har vore kåra til månadens poet på Diktammeret. no. Fylgjeleg har fleire av Vidar sine dikt vorte trykte både i Dagbladet og Klassekampen. Me tek til med det han skriv om sitt eige tilhøve til bibelsitatet over:

om jeg skulle be
deg om noe
Gud
måtte det være
å herde
mitt andre kinn

Vidare skriv han om sin eigen tvil:
presten spurde om



om jeg trodde
tvilen
noen gang ville komme
meg til gode

Den store Ibsen brukte ordet «sjølv-anatomering» om slike tankar. Det handlar om å arbeida med sitt eige samvit. Men ein diktar vil inkludera oss og minna om vårt samfunnsansvar, vårt kollektive samvit:

for så har staten elsket
de svakeste blant oss
at den sendte sine konsulenter
med kjøttvekt og regneark
for at hver og en
ikke skulle verdsettes
men få sitt eget søylediagram
og stempel
som salderingspost

Desse tre dikta har såkalla «allusjonar» til Bibelen. Men til slutt tek me med ei påminning om vårt ansvar for dei som lid naud i vera. Det høver godt i desse koronatider:

Flokkimmunitet
når mange nok
i et samfunn
ikke lenger påvirkes
av andres nød

Vil du lesa meir av Vidar, så finn du han på Facebook og Instagram.

MINIKYRKJE

Kven byggjer ein båt midt i ørken? Dette er jo merkeleg. Ja, det er mykje å undra seg over av det som står i bibelen. I haust var alle barnehagebarn inviterte til minikyrkje att. På grunn av smittevern fordelte me barna på fire grupper. Vår kjekke Rolf Trustein tok barna med inn i Noahs ark. Me fekk oppleva storflaumen i kyrkja i lag. Alle borna kunne måla ein regnboge som påminninga om at Gud lovde oss til å passa på alle menneske og dyr. Me gler oss allereie til Minikyrkje til våren. Kva finn Rolf på då, mon tru?

Manuela Bjotveit



Lars, Ingrid og Tale på Noahs ark. Kor hen skal dei?

HAUSTTAKKEFEST

Øg i haust blei det og som tradisjonen er i Eidfjord, invitert til hausttakkefest søndag 25. oktober. I år fekk ikkje berre 4-åringane delt ut ein barnebibel. Nei, minikonfirmantane våre kunne òg ta imot ein bibel.

Før gudstenesta var alle 4-åringane inviterte til kyrkjesprell. Hinderløype i kyrkja og fargelegging stod på programmet. Jammen hadde Rolf gøymt ein skatt i peisestova til alle som klarte å fullføre løypa. Tid blei det òg til øving på to songar «Kven har skapt alle blomane» og «Eg er trygg hos deg». Borna var så tøffe at dei framførte songane under gudstenesta med hjelp av heile kyrkjelyden.

Ein stor takk til Marte Seip som pynta kyrkja så fint til den store festen.

Tekst: Manuela Bjotveit, Bilete: Eidfjord kyrkje



Lukas, Emma og Lilja finn ut kva kodeordet er.



No var me heldige. Gullmyntar var skatten.



Øving på songane.



Såpebobler må me ha, elles er ikkje Minikyrkje bra.



Vebjørn og Kristoffer målar ein regnboge.

FULL PAKKE I ULVIK-KYRKJA SUNDAG 18. OKTOBER

HAUSTTAKKEFEST, FIREÅRINGANE FEKK BOK OG SÅ VAR DET SAFT ELLER KAFFI OG MUFFINS.

«Lat småborna...» Det er alltid kjekt når borna er med, og kjekt at både foreldre og besteforeldre er med. Det er god støtte for dei små, og eit godt felles minne! Det var mange involverte for at dette skulle verta ein kjekk time for alle. 4H hadde pynta fint i koren. Slik viste dei fram litt av grøda som gjer at me får mat på bordet i Noreg. Det er og ei påminning om at kvar dag legg 821 000 000 born og vaksne seg svoltne i verda. Takksemd og å dela vert viktige stikkord!

Ingen fest utan prest, men i dag hadde Magnar hjelp av Jorunn. Det var songar med rørslar til, slik at borna og også dei vaksne får røra på seg. Både Magnar og Jorunn vert stadig flinkare til slikt.



Jorunn heldt preika i dag. Ho fortalte om då isralittane vandra ut frå Egypt under leiinga av Moses. (Kanskje besteforeldra mintest filmen «Exodus» frå 1956, der Charlton Heston spelte Moses?). Sentralt var det at dei byrja å svelta i ørkenen, men at Gud sende dei manna frå himmelen, og slik vart dei berga. Folk opplever svolt i dag og, men hjå oss er maten aldri langt unna. Borna fekk kvar sin pose med noko etande som skulle førestilla manna. Deltaking i song og tale hjelper både på forståing og minnet!

Høgdepunktet var sjølvsgat 4.årsboka. Det var skapt visse forventningar dagen før, men boka var framleis innpakka. Linda pakka opp boka, og så delte Jorunn ut.



Sidan det var fireåringane sin dag, vart klokkar Unni følgd av to fireåringar inn i kyrkja.



Alltid spennande å opna ein pakke!

Som vanleg er det for dei fleste godt å ha med ei mamma eller ein pappa i slike alvorlege stunder. Men bileta viser at fireåringane syntest det var stas!



Kjenner du nokon på bileta? Ikkje så lett å få med alle, sidan dei kom og gjekk litt fort!

Etterpå var det saft, kaffi og muffins. På grunn av koronareglane var det ikkje samling rundt langbord. Muffins og drikke vart delt ut og skjenkt av «personalet».



Kyrkja spanderte muffins, men ville ikkje utsetja nokon for noko «muffens». Det skal det vera trygt i kyrkja - på alle vis!

BLIR JESUS FØDD I EIDFJORD I ÅR?

Det skulle ikkje undra oss, det har nemleg skjedd før. Det seiest at Josef nyleg er observert utanfor kyrkja i Eidfjord der han leita etter husly. Maria var ikkje med, ho er som kjent gravid i desse dagar og kviler ut på ein hemmeleg stad. Likevel reknar me med at, begge tradisjonen tru, kjem til bygda i byrjinga av desember. Dei veit frå før at her finn dei både hjarterom og husrom.

I Eidfjord innbillar me oss at me har ei av verdas største jolekrubber, det er sikkert ikkje heilt sant, men me synest i alle fall den er ganske så fin. Stallen blir sett opp kvart år under klokketårnet ved inngangen til kyrkja, og så er det berre å venta på dei langvegsfarande, sjølvaste Josef og Maria. Dei plar å dukka opp like i forkant av ljosmessa, og då flytter dei inn saman med dyra som allereie bur i stallen. Jesusbarnet får liggja i eit gammalt trau, mjukt og lunt på ei seng av høyr, og i den vesle stallen rår det berre idyll. På


himmelen, eller litt rettare sagt i klokketårnet over stallen, heng Betlehemsstjerna og viser veg for alle som vil koma for å sjå. Me håpar mange vil besøkje jolekrubba i løpet av desember. Velkomne!



Josef og Maria blir veldig glade om nokon kjem innom i stallen og ser til dei, men ikkje vekk Jesusbarnet om han søv.

HELSING FRÅ SOKNERÅDET I ULVIK

Ulvik sokneråd ynskjer også i år å senda jolehelsing til bygdefolket. Dette året har vore krevjande for alle. Etter at landet vart stengt ned den 12. mars, har mange ting endra seg. Det gjeld og arbeidet i kyrkja. Konfirmasjonen vart utsett. I gravferder må ein avgrensa deltakinga etter smitteverne-reglane. For andre kyrkjelege handlingar er det og avgrensingar. Sundagskulen, som er komen godt i gang, har og delvis vorte avlyst. Me får vona at dette går over om ei tid, men utviklinga i skrivande stund ser ikkje lovande ut.



Arbeidet elles har vorte utført på ein god måte. Nytt av året er kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik, *Brubbyggjaren*. Me har inntrykk av at bladet er godt motteke i bygdene våre. Me er heldige å ha ein solid redaktør i Steinar I. Bergo. Kyrkjevevja i begge sokna gjer og ein god jobb med bladet. Andre er og velkomne til å skriva i bladet. Det kan vera så ymse. Noko ein er oppteken av og ynskjer å dela med andre, eller omtale av personar som elles ikkje stikk seg fram.

Trass i avgrensingar av Coronavirus har dei fleste gudstenestane vore gjennomførte med naudsynte tilpassingar. Me er glade for at sokneprest Magnar Haaland gjer ein god jobb i Ulvik. Han har og ansvar for prestetenesta i Granvin etter kommunesamanslåinga. I tillegg har me og fått god hjelp av prest Bengt Staffan Arvidsson. Han har teke del saman med soknepresten, men også vore åleine i fleire kyrkjelege handlingar i år. Det har og vorte endringar i organiststillinga dette året. Torgeir Kinne Solsvik slutta 01.02.2020, og etter ei tid med Daniel Hydle som vikar, tok Edyta Bryk til i 25% stilling frå sumaren. Denne stillinga vert no kjøpt av Voss kyrkjelege fellesråd takka vere eit godt og positivt samarbeid med dei. På gravplassen på Brakanes vart det sist vår teke bort mange gamle trerøter, planert og sådd ny plen. I tillegg vart det kjøpt inn og planta nye buskar og tre på gravplassen. Arbeidet vart gjort på dugnad av soknerådet og andre gode hjelparar. På vinteren vart det grave opp og drenert kring grunnmuren under sakrestiet i kyrkja etter at det vart registrert fukt i kjellaren.

Me takkar alle gode medhjelparar for arbeidet i året som går mot slutten. Takk for god presteteneste. Takk til kyrkjevevje og kyrkjetenar. Takk til organist og trusopplærar og andre hjelparar med sundagskulen. Takk til dei frivillige tekslesarar, og takk for godt samarbeid i soknerådet. God jol til alle i Ulvik.

Knut Nes, Leiar i Ulvik sokneråd

HELSING FRÅ SOKNERÅDET I EIDFJORD

Hausten er over, og vinter og jol står for tur. Adventstida er ei koseleg tid, då me tenner mykje lys og prøver å finna tid til kos og hygge i ein travel kvardag. Denne hausten har koronaen teke mykje av vår merksemd. Mykje av det me har planlagt, og tradisjonar som er vanlege for oss vert kanskje ikkje slik i år. Det kan vera alt frå familiebesøk, til julehandel i næraste by. Med desse tankane i bakhovudet vil eg tenkja tilbake på mi eiga førjolsstid og jol som barn i Simadal. Ei lita grend der me alle hadde eit nært forhold til kvarandre.



Førjolsstida hjå oss innebar blant anna baking og laging av mat til jol. Det byrja tidleg på hausten med slakting av lam. Sidene, låra og lammerull vart lagt i lake og etterpå røykt, og slik gjer eg og familien min det enno. Besta sat på kjøkenet sitt og bakte potetkaker til jol. Me ungane var nysgjerrige og ville gjerne vera med, men blei oftast sende ut med ein bete med smør og sukker på.

Jolaftan morgon vakna me alltid med at mamma stod og steike

mjølkekaker. I godt vaksen alder gjer eg akkurat det same.... Etter fjøsstell og frukost tok pappa oss ungane med ut i skogen for å finna jolatre. Det måtte vera furu. Og den skulle vera jamn og fin. Det hende at me fekk ei lita buske til å ha på soverommet. Når me kom heim att, pynta me treet, og det var alltid like spennande å sjå om lysa virka. Anna jolepynt me hadde var eit grønt girlander som hekk i bogar på den eine stoveveggen. Dette vidareførte eg sjølv i mange år då mine gutar var små, og opplevde at det var viktig for dei.

Så gjekk mamma og pappa i fjøset før jolemiddagen kom på bordet. Lutefisk og riskrem, men me ungar som ikkje likte fisken, fekk potetkake med sirup. Og så kom høgdepunktet.... Nissen ... eit av dei fyrste joleminna eg har, er nissen som sat på ein krakk med sekken framfor seg. Opp stakk det ein lang pakke. Den var til meg. Eit par ski! Det var stort. Etter nissen var reist og roen senka seg i stova tok alltid mamma fram ei fin raud bok med gullskrift og fine bilete. Derifrå las ho joleevangeliet, og me song ("Eg er så glad kvar jolekveld"). Eg hugsar enno når eg begynte på skulen, og me song Glade jol. Det var ikkje rett jolesalme for meg.

Med nokon av mine barndomsminne ynskjer alle ei riktig fin adventstid og jol i møte.

Med helsing Kari Tveit Hovland, Leiar i Eidfjord sokneråd.

Å GJERA EIN FORSKJELL

Når folk engasjerer seg for at kyrkja skal framstå så vakker som mogeleg fortener dei ein ekstra takk. Her kjem den. **Tusen takk til dei som møtte opp på kyrkjedugnaden i oktober. De gjer ein forskjell!** På grunn av deko framstår kyrkja vår no nesten som ny.

Dette kjem alle som brukar kyrkja til gode. Og det er ikkje få. Gjennom året er det mange som er innom på ulike aktivitetar og arrangement. Me håpar og trur at både born og vaksne føler seg heime i kyrkja. Det passar også til slagordet vårt: *Eidfjord kyrkje - ein naturleg del av dagleglivet*. Kyrkja er ein stad for kvardag, for høgtid, for glede og for sorg, og er ein viktig samlingsplass i bygda vår. Store merkedagar i livet blir også ofte markert i kyrkja. Då er det viktig at ho framstår i si flottaste prakt.

Dugnad skal vera kjekt

Tilsette hadde difor ordna med litt suppe for riktig å setja stemninga heilt frå starten. Dei som møtte, var med på notane med ein gong, og dette utvikla seg til å bli ein riktig så bra ettermiddag.

Her vart det klatra i dei høgste trappestigane for å tørka støv av dei mange glaskuplane. Du veit dei som heng og dinglar uanstendig høgt under kyrkjetaket. Langt utan for rekkevidde - slik til vanleg... Me veit råd. Lån den største stigen i kommunen, og send opp ein stødig og erfaren kar! Då løyser det seg. Rett nok var ikkje alle eigna til alt, for i ein litt mindre stige klauv den høgderedde kyrkjevevja opp. Ikkje fullt så effektivt, men kanskje dobbelt så moro... å sjå på i alle fall.

I lågare terreng breidde grønsåpelukta seg utover i rommet. Der blei det skura og vaska, og benkene blei nesten som i gode gamle dagar når Karen var her. Dei nye putene kjem no verkeleg til sin rett.

Her vert det eit blomemhav til våren

Det var ikkje berre i suppa der var løk. I blomebedet ved parkeringsplassen blei det sett ned store mengder med løk som vil bløma til våren. Såkalla vårløk. Gled deg, dette kjem til å bli fint! På kjøkkenet blei det baka pizzasnurrar over ein låg sko, også noko å gleda seg til.

Send gjerne ein venleg tanke til dugnadsgjengen neste gong du kjem til kyrkja, dei gjorde verkeleg ein bra jobb. Dugnaden var både sosial og nyttig. Kanskje blir dette ein årleg tradisjon?

Tekst og bilete: Eidfjord kyrkje



144. kuplar. Aller er no reine.



Deilig grønsåpelukt i kyrkja, nett som i gamle dagar.



Her vert det eit blomemhav til våren.



ENGELN SOM KOM FOR SEINT

Det er midt på natta. Det var ei klar natt. Mange stjerner lyste på himmelen. Utanfor bygda var ei stor eng. Der låg det mange sauer og sov. Midt i saueflokken brann eit bål. Av og til hørte ein at ein sau breka. Men vent. Kor er gjetarane? Sit dei ikkje vanlegvis med bålet og passsar på sauene? Plutseleg kom nokon springande. Han hadde på seg ein kvit kjole og lyste opp natta rundt seg. Åh. Det var ein engel. «Å. Her skulle det jo vera mange gjetarar.» tenkte engelen. «Kor er alle? Kor er dei andre englane? Kor er Gabriel? Me skulle jo alle i lag forkynna den glade bodskapen. Eg hadde jo gleda meg i 9. månader til denne dagen. No har dei byrja utan meg. Det er så urettferdig.» Engelen sette seg ved bålet. Han var veldig lei seg. Han byrja å grina. «Det er så urettferdig.» hulkar han. «Dei andre veit jo at eg av og til gløymer meg litt bort. Dei kunne jo ha sagt ifrå og ikkje berre gått. Eg hadde jo så lyst å vera med. Det er stjerna si skyld. Den var så fint og eg måtte berre kikka litt nærmare på henne. Og plutseleg var dei andre borte. Typisk at det er alltid meg som ikkje får vera med.» Engelen sat trist ved bålet. Der kom plutseleg endå ein mann springande. Han var kledd som ein gjetar. Han bar på eit lite lam. Gjetaren såg seg forundra rundt. «Kor er alle hen? Ingen gjetar er her. Berre sauer og hundane. Kva har skjedd? Dette her er rart.» Då oppdaga han den triste engelen.

Gjetar: Hei på deg. Kven er du? Kvifor er du så trist?

Engel: Eg er ein engel. Eg gjekk nettopp glipp av den største augneblinken i livet mitt.

Gjetar: Ja, men. Korleis kan du vita det? Du er jo så ung. Mykje fint kan nok skje i livet ditt framover.

Engel: Nei, eg veit det. Det som eg skulle gjera i dag, skulle berre skje ein gong. Og det var i dag.

Gjetar: Og kva var det då?

Engel: Eg skulle vera med til å syngja den finaste songen til å lovprisa Gud. Gabriel, han er det eldste av oss englane, som skulle først seia ein kjempeviktig tekst til dykk gjetarane. Og så skulle me syngja. Å, den songen er så fin.

Gjetar: Det høyrast jo spennande ut. - Du, eg er jo gjetar og eg har då sannsynlegvis også gått glipp av den store hendinga. Kan du ikkje syngja for meg då?

Engel: Høyr godt etter då. Gabriel sa: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by! Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Og så syng englane: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Gjetar: Er det sant? Er Frelsaren fødd? Eg har høyrte mykje om det. Har det verkeleg skjedd i kveld?

Engel: Ja, det er sant.

Gjetar: Utan deg ville eg jo ikkje vita om det. Kom, la oss finne den rette stallen i Betlehem.

Engelen og gjetaren gjekk i lag til Bethlehem for å møte Jesus.

Tekst: Manuela Bjotveit Bilete: Eidfjord kyrkje


Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:
Claudia Chiaravalotti

Finn 5 feil

Englar fortalde gjetarane at Frelseren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**




VITSAR

Ole var ikkje verdas smartaste pilot.
Han flaug inn mot Gardermoen og fekk melding frå kontrolltårnet:
– Meld inn høgde og posisjon!
– Eg er 178 centimeter høg og sit heilt fremst i flyet, svara han.

I Molboland er det veldig strenge trafikklover når det gjeld sikkerheitsbeltet:
Første gong du blir tatt utan å ha på deg beltet, får du 1000 kroner i bot.
Andre gong får du 2000 kroner i bot.
Tredje gong blir sikkerheitsbeltet inndrege.

BREV FRÅ SVEINUNG TIL EIN VEN



Mange vil kjenna att namnet, Sveinung Såkvitne, sidan han fleire gonger har sendt tekstar til kyrkjebladet. Denne gongen skriv han om Charles Darwin og utviklingslæra. I 1859 presenterte Darwin i boka «Artenes opphav» (The Origin of Species), sitt syn på utviklinga av dei levande vesena på jorda. Mange opplevde at desse teoriane kom i strid med Bibelen si lære om skapinga og såg dei som ein trussel mot kristendommen. Bjørnstjerne Bjørnson hadde eit ambivalent forhold til kristendommen. Når han var heime hjå faren, som var prest, fekk kristendommen litt tak i han, men ein må vel seia at han vart ein slags darwinist. I Salme II, eit dikt til darwinismens pris, har både tittelen og innhaldet noko religiøst over seg. I dag skaper Darwins teoriar ikkje dei store motsetningane i høvet til kristendommen.

Les diktet, og les Sveinung sine tankar etterpå!

Salme II.

Ære det evige forår i livet,
som alting har skabt!
Opstandelsens morgen det mindste er givet,
kun former går tabt.
Slægt føder slægt,
stigende ævne den når;
art føder art
i millioner af år.
Verd'ner forgår og opstår.

Intet så småt, at ej finnes et mindre,
ingen kan se.

Intet så stort, at ej finnes et større
bortenfor det.

Krybet i jord,
bærge jo bygge det kan.
Støvet, som fo'r,
eller det skyllende sand
riger har grundlagt en gang.

Uendeligt alt, hvor det mindste og største
løber i ét.

Ingen skal skue det siste, – det første
ingen har sét.

Ordenens lov
bærer det alt i sin favn,
frugt og behov
føder hværandre; vort savn
møder det samlede gavn.


Evigheds afkom og frø er vi alle.
Tankerne har
rødder i slægternes morgen; de falle,
spørsmål med svar,
fulle af sæd
over den evige grun;
derfor dig glæd,
at du en svindende stund
øgede evigheds arv.

Bland dig i livs-fryden, du, som fik være
blomst i dens vår,
nyde et døgn til det eviges ære
i menneske-kår;
yde din skærv
in til det eviges hværv,
liden og svag
ånde et eneste drag
in af den evige dag.

Bjørnstjerne Bjørnson, Red.

Utdrag av brev til ein ven

Sist me snakka om slike spørsmål,
så nemnde du evolusjonslæara.
Den treng ikkje vera på
kollisjonskurs med Bibelen, og
evolusjonslæra beviser absolutt
ikkje kvar menneska kjem frå.
Mange seier, at der er heller ikkje



noko bevis på at Gud finst. Men Jesus sa om Bibelen si lære: «Den som vil gjera Guds vilje, skal få erfara at læra er frå Gud.»

Det finst noko som er sant, og alt som bryt med sanninga, er løgn. At menneska skulle vera nedstamma frå ei form av dyr, finst det ikkje fnugg av bevis for. Det er difor berre ei ny tru, og truleg berre ennå ei av tusenvis av vranglærere. Det finst ikkje spor av mellomstadier. Det er berre fantasi og tankekonstruksjonar. At nokon trur på dette, er verst for dei sjølve.

I dag er det svært mange naturforskarar som ikkje ser noka motsetning mellom Bibelen og utviklingslæra. Det er ingenting som hindrar Gud frå å skapa via tilpassing. Derfor er det til dømes både svarte og lyse menneske, men dei er alle menneske, og alle dyra er dyr. Når det står i Bibelen at Gud skapte menneska i sitt bilete, så tyder ikkje det at Gud ser ut som ein mann. Det står i Bibelen at Gud er ånd.

Når det står i Bibelen at Gud gav oss ein jordisk kropp, så er det ikkje rart at den liknar på eit høgtstående dyr sin kropp. For Gud gav ikkje dyra ein dårlegare kropp. Han såg at alt han hadde gjort var godt. Alle høgtstående dyr har dei same organa, anten dyret veg fem tonn eller berre nokre gram. Og alle desse organa fungerer godt, heilt til sjukdom og alder gjer dei dårlegare. Me veit alle kvifor det skjedde.

Mange ateistar set sin eigen intelligens høgast og bestemmer seg for at Gud ikkje finst. Også det er ei trusretning. Det ser ut til at høg intelligens gjer det vanskelegare å søkja Jesus. Sjølv når folk med såkalla «uhelbredelege» sjukdommar blir spontant friske på til dømes kristne møte, eller når nokon vert einige om å be for ein sjuk, vert det avvist som humbug. Men at nokon vert friske etter bøn, skjer over heile landet, og folk fortel at dei er heilt friske mange år etter at det hende. Jesus sa: «Gjer eg ikkje gjerningane til Far min, så tru meg ikkje. Men gjer eg dei, så tru i det minste gjerningane, om de ikkje trur meg. Då skal de sjå og skjøna at Far er i meg og eg i Far.» Han sa og: «Når nokon trur på meg, skal han gjera dei gjerningar eg gjer.»

Det finst ein veg tilbake til Gud, og den vegen er Jesus Kristus. Og det finst ei oppstoda frå dei døde. Jesus sa: «Far som har sendt meg, har gjeve meg påbod om kva eg skal seia, og kva eg skal tala. Og eg veit at hans påbod er evig liv. Den som trur på sonen, har evig liv.»

I Apost. Gjern. 4,12 står det om Jesus: «Det er ikkje frelse i nokon annan, for under himmelen er det ikkje gjeve menneska noko anna namn som vi kan bli frelste ved.»

Sveinung

KONSERT I ULVIK KYRKJE

Laurdag 12. desember kl. 18.00

Fortel meg om: Ei musikalsk reise til Amerika

Frå midten av 1800-talet til tidleg på 1900-talet utvandra nærare 1. million nordmenn til Amerika. Skuespelar Helge Jordal har, saman med muskarane Berit Håpoldøy og Lars Hammersland, laga ei musikalsk førestilling som tek deg med tilbake til denne tida.

Mellom songane fortel Helge Jordal historier om fattigfolk, von og fortvilning, indianarar og morosame betraktningar frå dei som lengta heim. Musikken er ei blanding av eigenkomponerte songar og eldre viser.

I Amerikakofferten har me også med nokre jolesongar, for å syta for den rette jolestemminga.

Billett sjå Facebook: "Fortel meg om".



TID FOR Å MINNAST



Sundag 1.11. var heile 52, små og store, samla for å feira ei stemningsfull minnegudsteneste i lag. For første gong hadde me gudstenesta om kvelden. Me tende eit lys og minna dei kjære me har mista. Etterpå var det tid for å snakka med kvarandre over ein kopp kaffi og eit stykke eplekake med is. For dei som har ei grav å gå til her i Eidfjord, delte me ut gravlys etter gudstenesta. Då kunne dei som ville, avslutta kvelden med å tenne eit lys på grava.

*Tekst: Manuela Bjotveit
Bilete: Christian Bouvain*

NÅR ME OPPLEVER TUNGE DAGAR

«Sorgen og gleden de vandrer til hope» heiter det i eit gammalt ord. Det understrekar at me møter både glede og sorg i livet. Sorga kan vera vanskeleg å takla, fordi ho stel kreftene frå eit menneske. Det er viktig å kunna hjelpa eit medmenneske i sorg på ein klok og varsam måte. Den som er i sorg, må finna ein veg ut av dei vonde kjenslene. Kanskje dei ti sorgvettreglane under kan vera noko å fokusera på når ein opplever ei vanskeleg tid?

Sorgvettreglene

1. Meld frå om korleis du har det – til dei du vil involvera. Ver ærleg med deg sjølv, både når du har det vondt og når du har det litt betre.
2. Tilpass kvardagen etter evne og forhold – oppretthald nokre kvardagsrutinar og hald kontakt med arbeidsplassen.
3. Ta omsyn til deg sjølv – gi deg sjølv omsorg og støtte.
4. Ver førebudd på sterke vindkast og ukjende reaksjoner i kropp, tankar og kjensler – søk kunnskap om sorg.
5. Ta trygge og støttande vegval. Lær deg nødvendige ferdigheiter for å handtera grubling, bekymring, påtrengande minne, dårleg søvn, energitap osv.
6. Ta pausar – det er inga skam å le, sjølv om du er i sorg.
7. Søk hjelp i tide frå venner, kjende, likepersonar eller fagpersonar – dei fyller ulike behov.
8. Spar på kreftene – juster forventinga til deg sjølv og andre.

9. Kom deg ut ein halvtime i dagslys. Bruk kroppen.
10. Ha tru på at det vil bli betre!

Red.



FINSE KAPELL

Ulvik sokn har eit vigsla kapell på Finse. Det er den eine skulestova og vart tatt i bruk den gongen det var fastbuande der. Dermed har kapellet fått same status som andre fjellkapell. Det kan utførast kyrkjelege handlingar der, sidan det er eit vigsla rom, men soknepresten har ikkje pliktar på Finse. Dei som ynskjer ei handling, må skaffa prest og anna personell, og betala eventuelle utgifter.

Hausten 2019 fekk Ulvik sokn melding om at Finse kapell blei brukt som ein stad for lek og moro, og at kapellet måtte vaskast, før det viste seg verdig. Orgelet hadde mest sannsynleg vorte spelt på av ukunnige, fleire tonar var falske, og lysekrona mangla halvparten av lyspærene.

Laurdag den 26. sept. reiste prest Magnar Haaland, soknerådsleiar Knut Nes, nestleiar Venke Langballe og kyrkjeverje Wilma van Manen på synfaring til Finse.

På Finse stasjon blei reiseselskapet møtt av vaktmeisteren frå Finse 1222, samt Harald Kryvi og kona hans. Harald Kryvi er biolog og har hytte på Finse, og hadde tilbod på ein liten dekorasjon til Finse kapell. Denne hadde han funne ute i naturen på Finse. Heile selskapet gjekk opp til skulehuset og blei uventa overraska, då dei kom inn i kapellet. Det var reint, heilt motsett av forventningane! Alle var einige om at Finse kapell fortener ei framtid.

Det var nesten høgtidelig då Harald Kryvi overrekte dekorasjonen «Finsegranitten» til soknerådsleiar Knut Nes. Dekorasjonen er eit stykke granitt som Harald Kryvi har funne på Finse. Det er av ein type som heiter Finsegranitt. Det er ein bergart som størkna på staden, men på stort djup, for ca. 950. millionar år sidan. Det viser eit ganske vellukka kors i steinen, i eit lysare og meir raudlig type granitt.

Klenodiet Finsegranitt skal pynta Finse kapell framover, lyspærene i lysekrona blir skifta, orgelet må stemmast. Det vart avtalt med vaktmeisteren Finse 1222, at han skal montera nytt lås i døra på Finse kapell.

Bilete: Wilma van Manen



Både soknerådsleiareren og presten måtte få kjenna på steinen som Harald Kryvi gav til Finse kapell.

GOD JUL FOR ALLE

Valborg Nummedal har sendt oss ein kopi av eit brev sendt styret i Voss Kvite Band. Ho er medlem der og vil gjerne minna alle om å ta godt vare på born og unge når me feirar jul:

Trygg og god julefeiring for alle!

Jula nærmar seg med stormskritt, vi både ser og høyrer det tidleg i butikkane og kjøpesentra, og ikkje minst i massemedia og på sosiale plattformer. Det verkar som om allting startar tidlegare år for år, til irritasjon for nokre, men til glede for mange. Lys, farge og glitter, varme og omtanke, sosiale samankomstar med god mat og drikke er positive ting som hjelper oss å koma gjennom vinter og mørketid.

Men ikkje alle gler seg til jul. altfor mange born og unge kviar seg til ei høgtid der alkoholen flyt meir eller mindre fritt. Born merkar fort endringar i måten dei vaksne oppfører seg på. Det skal ikkje stort inntak av alkohol til før åtferda endrar seg. Dette kan vera skummelt for born, og dei kan bli redde og forvirra. Kanskje opp mot 90 000. born i Norge har minst ein forelder som misbrukar alkohol. Mange av desse borna har negative erfaringar frå tidlegare julefeiringar, og kvir seg derfor no når tida nærmar seg.

La oss i år ta meir omsyn til borna og dei unge, prøv gjerne ut nye alkoholfrie drikkar i jula! Det er etter kvart blitt eit rikhaldig utval av gode alternativ til alkohol. La oss gje den oppveksande slekta gode opplevingar og trygge rammer i jula og elles. Tenk også gjerne på borna i nabolaget. Kanskje kan din heim bli ein trygg stad å vera for fleire, sjølv i koronatider. Den gamle julebodskapen om kjærleik, fred og fridom, er like aktuell no som før. Det vesle barnet som kom, så lite og sårbart, kan minna oss om våre eigne born. Dei er også sårbare, la oss verna om dei!

Det Hvite Bånd (DHB) er ein kristen fråhaldsorganisasjon for kvinner, og mottoet vårt er "For Gud, heim og alle folk". No når jula nærmar seg ønskjer vi å oppmuntra til å underskriva "Hvit jul"- kampanjen som blir dreven i samarbeid av Juba, Juvente og IOGT. Vi i DHB støttar "Hvit jul"- kampanjen og ønskjer å oppmuntra deg til å gjera det samme nettopp fordi "alle barn har rett til en hvit jul"! Gå derfor inn på deira nettside, skriv under kampanjen og bli med på å gje fleire born og unge ei jul med trygge og nærværande vaksne, og gode førebilete!

Nov. 2020

Juniorstyret DHB Norge/ Brita Bogevik og Ester Mjø



Jolekonsert
TONESKREDO

Sundag 13. Desember
kl. 17:00 & kl. 19:30
i Eidfjord kyrkje

Billett: 200kr (barn u/12år gratis)
KUN forhandsal, sjå
www.facebook.com/Toneskredo
for detaljar

VINTERSOLSNU

I disse dager snur solen, sier vi.
Men det er
jordens akse som snur,
jordens materie som snur,
jordens støv som snur,
så her på vår halve jordkule
går det mot lysere tider.

Gabriel Scott har skrevet:
En sjel kom til jorden,
den tok på seg noe støv,
hans navn var Markus (oss alle).

Vi må alle kle oss i jordens støv
for å kunne fungere her.
Vi kler langsomt på oss
når vi fødes og vokser.
Vi bærer det mens vi er her,
for noen lang tid,
for noen kort tid,
i evigheten bare et sekund,
så legger de fleste av oss
jordens støv forsiktig av oss,
og vender tilbake
dit vi kom fra.

Men ikke alle.

For noen blåses støvet
helt plutselig vekk fra sjelen.
Det blir som etter et vulkanutbrudd.
Svart støv skygger for solen,
så vi nærmeste lever i mørket.
Støvet legger seg på

- marken så ingentig gror,
- mennesket så det lukkes inne,
- øynene så vi ser i svart.

Men fra alle historiens utbrudd
har luften igjen blitt ren,
slik at solen kunne velsigne jorden,
at jordens grøde fikk gro,
at menneskene kunne puste,
og vi kunne se klart igjen.

Fra den 22. desember
går vi mot en tid da lyset
langsomt vender tilbake.
Måtte det gjelde alle mennesker.

- Me går mot lyset igjen!

- skriv Wollert Nordahl

I CORONAENS TID



Unni og Thomas på ein dag då både dei og livet smilte.

Det siste halvåret har vore veldig spesielt for meg. Som for mange andre. Mi oppleving spenner frå veldig stort trykk i arbeids-situasjonen fordi eg er kommuneoverlege og smittevernansvarleg i kommunen, og til eit jordskjelv på det personlege plan; ved tapet av det mennesket som sto meg nærast. Thomas døydde 14 dagar etter at Noreg stengde ned. Ikkje av covid-19, men av ein langvarig og tøff kreftsjukdom. Eg har verkeleg opplevd at vi ikkje har kontroll eller kan planleggja liva våre.

På ein god måte stemmer dette med det synet eg har på livet: Ingen har nokon gong lova deg at det skal gå bra, at du skal verta spart for sjukdom eller sorg. Livet er ikkje rettvis. Du kan vera så snill og flink som berre det, likevel rammar sjukdom og ulukke. Du får ikkje som fortent. Eller som du trur du har fortent.

Heldigvis, seier eg. For dersom vi fekk som fortent, så var jo alt som hende med oss, vårt eige ansvar. Vi kunne takka oss sjølve. Sjukdom, ulukke, sorg og katastrofar er ein del av menneskelivet sine føresetnader. Vi kan gjera så godt vi kan med sunn livsstil og god planlegging, men livet er det som skjer når du er oppteken med å tenkja på noko anna.

For meg er det frigjerande å tenkja at det vonde som skjer, ikkje er ei straff fordi eg har gjort noko gale. Det berre skjer. Og det gode som skjer meg, er ikkje mi fortjeneste, men noko som eg likevel kan gleda meg over kan ta imot i takksemd. Som ei gåve frå ein skapar som laga alt godt i si tid. For livet er også rikt og godt! Midt i sjukdom, sorg, pandemi og kva det skulle vera: Gud held verda oppe. Kristus har lova å vera med i alt som skjer.

Eg kan gleda meg over dei små ting i kvardagen: Eit ekorn i hasselbusken ved terrassen ein morgon. Fine bærturar i skogen. Å laga eit godt måltid mat berre til meg sjølv. Å laga meg ein bålpluss i hagen. Å få gå til ein meningsfylt jobb kvar dag. Gode minne. Møte med andre menneske, i kvardag og fest.

Ingen ting kan skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre!

(Brevet til Romarane kap 8 v38-39)

Men eg set min lit til deg, Herre; eg seier: Du er min Gud.

I di hand er alle mine tider..

(Salme 31,15-16)

Unni Solem

Som dagane går...

Døypete

Døypete i Ulvik

Luna Maria Kvalvik Utne
Aksel Ringstad-Utne

Døypete i Eidfjord

Eira Sæther Hereid

Vigde

Vigde i Ulvik

Ingen

Vigde i Eidfjord

Tone Lægred og Kim-Andre Garen

Gravlagde

Gravlagde i Ulvik

Sigmund Annar Dybedokken, f. 1944.
Rolf Erik Larsen, f. 1965.
Olav Hauso, f. 1939.
Johan L. Osa, f. 1929.

Gravlagde i Eidfjord

Brita Myklatur, f. 1926.



Er du **SVOLTEN, TØRST** eller **TRØTT**
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.

Catering | Kafe & Kremmeri
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjekt
www.eidfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64

Dåpskjole til leige!

Pris: 300,-
Kontakt: Ulvik Bygdekvinne lag
v/ Åsa Gunnarsdottir, tlf.: 952 62 096



GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer
hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider
på tlf. 56 52 64 47
mob. 952 10554 / 952 13375
priv. 56 52 62 03

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik - Tlf. 56 52 65 00

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall
kan me levera
blomahelsingar til dei pårørende,

keransar
båredekorasjonar
bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER 
NATURSTEIN AS
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47
Smith - Granvin - tlf. 952 10 554

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 – www.ulvikbygg.no



FJORDTIND

HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

joker
– helt i nærheten

BUTIKK1 AS
5730 Ulvik
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
Mob. 907 54 533

**Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte

 SparebankenVest



Gudstenesteliste

ULVIK (GRANVIN) Ulvik og Granvin har felles prest og organist.

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
13.12.2020	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste
24.12.2020	13.30	Jolaftan	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste, påmelding
24.12.2020	15.30	Jolaftan	Granvin kyrkje	Gudstjeneste
25.12.2020	12.00	1. Joledag	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste, påmelding
26.12.2020	11.00	2. Joledag	Granvin kyrkje	Påmelding
31.12.2020	16.00	Nyttårsaftan	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste, påmelding
17.01.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste
24.01.2021	11.00	Sundag	Granvin kyrkje	Gudstjeneste
24.01.2021	14.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste
14.02.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste
21.02.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste
07.03.2021	11.00	Sundag	Granvin kyrkje	Gudstjeneste
14.03.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste
21.03.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudstjeneste
21.03.2021	16.00	Sundag	Granvin kyrkje	Gudstjeneste

EIDFJORD


Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
29.11.2020	18:00		Eidfjord kyrkje	Ljosmesse
13.12.2020	11:00		Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
24.12.2020	16:00		Eidfjord kyrkje	Jolaftan, gudsteneste
25.12.2020	11:00		Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
03.01.2021	11:00		Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
24.01.2021	11:00		Eidfjord kyrkje	Familiegudsteneste
07.02.2021	11:00		Eidfjord kyrkje	Gudsteneste

DET KAN KOMA ENDRINGAR I DEN OPPSETTE GUDSTENESTELISTA OG KARANTENEREGLANE

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og gåver.

Ulvik har Vippsnummer: 125390

Eidfjord har Vippsnummer: 127865



PÅMELDING

Ulvik, påmelding:

**Jolaftan, 24 desember kl. 13.30,
1. joledag 25. desember kl. 12 og
nyttårsaftan 31. desember kl. 16.**

På Jolaftan, 1. joledag og nyttårsaftan avgjer dei dåverande gjeldande smittevernreglar maksimalt tal personar som har lov til å samla seg i Ulvik kyrkja. Per i dag blir kyrkjebenker i følgje smittevernreglar ikkje definerte som fastmonterte, og dermed får kyrkjer berre sleppa inn maks 50. personar. For å unngå at det oppstår leie situasjonar der ein må nekta personar tilgang til julefeiringa i kyrkja, bør ein melda seg på via telefonnr. 56 52 68 00: Her gjeld det: «fyrste mann til mølla». Ved påmelding blir det notert både namn og telefonnummer. *I tilfelle det kjem endå strengare restriksjonar i løpet av desember månad, tar kyrkjeverje telefonisk kontakt med dei som har meldt seg på.*

Eidfjord. Me legg til rette så

godt me kan innanfor gjeldande smittevernreglar, maks 50. personar. Det blir på førehand lagt ut link for påmelding til jolaftangudstenesta. Ein kan og melda seg på ved å ta ein telefon til kyrkjekontoret. Mange ønskjer å koma til kyrkja på jolaftan. Me ser difor på om det er råd å setja opp ei ekstra gudsteneste denne dagen. Det blir lagt ut meir info når det nærmar seg.